



Alver kommune Plan og byggesak
Larissa Dahl
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: a4edf95f-9bbe-424b-bc28-
dd15f33515a7

Vår: 21/816 - 21/6703

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

01.02.2021

Uttale søknad om dispensasjon - gbnr 323/29 Frekhaug - garasje med bod og mur

Tiltak: Dobbeltgarasje
Byggestad: Løypetona 12 A og B - Gbnr 323/29
Tiltakshavar: Ragnhild Hordvik Osmundsen
Ansvarleg søkar: Trond Martens Sivilarkitekt

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av dobbeltgarasje med bod i underetasjen og støttemur – gbnr 323/29

Informasjon om saka:

Eigedom ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplan for Løypetona bustadområde med idnr 125620070001. Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 17 % BYA. Det er søkt om overskridelse av dette.

Plan og byggesak ber om samferdsel, veg-, vatn – og avløp forvaltning sin vurdering av tiltaket etter Veglova sjølv om vegen er privat. Muren er plassert 1,2 meter frå nabogrense mot privat veg på gbnr 323/509. Byggesak ber også om ei vurdering av kva verknad tiltaket har på VA-leidningar som ligg i eksisterande avkjørsle. Garasje er plassert oppå desse leidningane.

Uttale:

VA-leidningar:

Kum og leidningsnett er privat og tilhøyrer Gbnr 323/29. Det er her dei har stakekum og stoppekran for vatn til bustad. Det er viktig at det ikkje vert sett opp garasje på dette leidningsnettet. Vi anbefalar at garasje vert flytta lenger NV på tomte. Ein bør sikre god tilkomst til stakekum og bakkekran. Ved behov for utskrifting av kum/leidningsnett bør ein kunne nytte gravemaskin.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no



Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00



Vurdering i forhold til avkjørsle frå privat veg:

Når det gjeld vurdering av tiltaket i forhold til privat veg er det ikkje noko som tilseier at ein ikkje kan gje løyve til etablering av garasje på Gbnr 323/29. Etter det vi kan sjå vil ei garasje ikkje ha innverknad på dei tekniske krava ein har til avkjørsle frå privat veg (jf. planføresegner - arealdelen av kommuneplanen - Meland 2015-2026 avsnitt 1.6.11).

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG